

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Inge Reidar Kallevåg sette på vegner av H, V og Frp fram slikt forslag:

"Tillegg:

Det må klart framgå av framtidig saksutgreiing dersom det er korrigeringar/endingar i forhold til den vedtatte skulebruksplanen."

Sveinung Valle sette fram slikt forslag:

"Endring av punkt a, Region Nord:

Fylkestingsvedtak om samlokalisering av Arna vgs og Garnes vgs følges opp."

Røysting

Innstillinga, Region Nord punkt a, vart vedteke med 9 røyster mot 6 røyster (A, SV, Sp) for Valle sitt forslag. Resten av innstillinga vart samrøystes vedteken. Kallevåg sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Region Sør og ST Stor-Bergen

- a) Avgjerda om framtida til Fana gymnas vert framskunda med eitt år, og forslag til framtidig struktur på studiespesialiserande utdanningsprogram i Stor-Bergen vert lagt fram som politisk sak våren 2015. Fysisk samanslåing av Arna vgs og Garnes vgs må vurderast i denne samanheng.

Bergen Vest

- a) Strukturelle endringar i tilbodsstrukturen i Bergen Vest heng saman med tilbodsstrukturen på ST i Stor-Bergen. Våren 2015 skal det takast ei avgjerd om tilbodet i Bergen Vest. Dette vil innebere at eventuelle strukturelle endringar vil bli sett i verk frå skuleåret 2016/2017.

Region Nord

- a) Hausten 2014 starter ein opp arbeidet med ei administrativ samanslåing av Arna vgs og Garnes vgs
- b) I programmeringsarbeidet for Nye Åsane vgs vert det lagt til grunn at Bygg- og anleggsgag skal vere ein del av tilbodet ved skulen
- c) Programmeringsarbeidet ved Nye Åsane vgs vert midlertidig stoppa til ei nærmare avklaring rundt følgjande forhold ligg føre:
 - i. Mogleg integrering av avd. Fossane ved Nye Åsane vgs
 - ii. Organisering av yrkesopplæringa ved Nye Åsane vgs. I den samanheng bør det òg gjerast ei samla vurdering av strukturen på yrkesfagtilbodet i Stor Bergen
 - iii. Fordeling av fagtilbod på Tertens vgs og Åsane vgs samt vurdering av trongen for klasserom knytt til dette.
 - iv. Kapasitet på idrettshall ved Tertnes vgs og Åsane vgs og vurdering av kor det eventuelt er mest tenleg å bygge idrettshall i fylkeskommunal regi.

Vurderingane vedkomande Nye Åsane vgs vert lagt fram som ei eiga sak for politisk utval tentativt i desember 2014.

Fagskulen

- a) Det skal gjennomførast ei utgreiing av alternativ lokalisering for ein samla fagskule.

Det må klart framgå av framtidig saksutgreiing dersom det er korrigeringar/endingar i forhold til den vedtatte skulebruksplanen.